

**Hans H Urdahl**

Gnr. 53 bnr 3,4 og 5

Skildheimsvegen 200

6872 LUSTER

**Liv Ellingseth**

Gnr 53 bnr 1

Skildheimsvegen 227

6872 Luster

01.02.2023

Dykkar ref: 202115667 -3

## **NVE**

Konsesjonsavdelingen

Postboks 5091, Majorstua

0301 OSLO

## **MERKNADER TIL SØKNADEN OM Å BYGGJA DØSJAGROVI KRAFTVERK**

14.12.2022 fekk me tilsendt e-post frå NVE om høyring av søknaden om å få byggja Døsjagrovi kraftverk. Etter å ha lese gjennom søknaden og studert den nøye kan me ikkje finna noko om vassrettane våre (til gardane på Saude) i øvre deler av Døsjagrovi. I søknaden punkt 3.13 Ferskvassressursar (side 26) står det at avtalar som finst er knytt til nedre av vassdraget.

### **3.13 Ferskvassressursar**

Det eksisterer nokre gamle grunneigaravtaler om rett til uttak av vatningsvatn frå Døsjagrovi i sommarmånadene. Dette er knytt til nedre del av vassdraget. Det er lite jordbruksaktivitet i nærområdet, og dessutan vil behovet for vatningsvatn melde seg i tørrversperioder då det er sannsynleg at kraftverket likevel står. I tillegg er det knytt ei avtale til Harastølen om rett til å bruke vatn til internt bruk ved sanatoriebygget. Ei utbygging vil ikkje påverke moglegheita for uttak av vatningsvatn i samsvar til nemde avtalar.

Gardane på Saude sitt uttak av vatn var opprinneleg like aust for bygningane på Harastølen, som må reknast som øvre del av vassdraget ( Døsjagrovi) som skal byggjast ut. Me ser også av konsesjonssøknaden (side 5) at Småkraft AS har kjøpt fallrettane til Harastølen, og dei er i område som vi tok ut vatn. **Kan det vere slik at Småkraft AS ikkje erkjenner at me har rett til å ta ut vatn frå Døsjagrovi ?**

Litt historie: Saude er ei lita grend sørvest for Harastølen. Dette område vil me påstå er ein av dei tørraste plassane i Sogn. Det er berre dei mest nedbørsrike åra me kan vera sjølvforsynte med vatn.

For å bøte på vassmangelen vart det i 1869 inngått avtaler med grunneigarane mellom Saude og Døsjagrovi som gjaldt erstatning for grunn til bygging av vassveit. Det vart også betalt eingongs erstatning for vatn til Ole Fuhr (1814 – 1884) som då var eigar av «For» inklusive Harastølen (sjå vedlegg 1 kopi avtalar inklusiv avskrift). Vassveita som er på 3 km vart bygd på same tid som avtalen vart inngått og blir kalla «Sausveiti». Då St. Jørgens Hospital starta utbygginga på Harastølen ved førre årshundreskifte (1900), vart Sausveiti liggjande rett gjennom tunet. Det skal då ha vorte inngått ein avtale mellom grunneigarane på Saude og St. Jørgens Hospital om at St. Jørgens Hospital kunne leggja veita i røyr gjennom tunet, og dei skulle også ha vedlikehaldet av røyra. Ein kan også i dag sjå att restar av røyra. I etterkrigsåra vart det mindre med folk på gardane, og vedlikehaldet av bl.a. Sausveiti vart ikkje så god som før. Dette førte til at vasstapet i veita vart stort. I 1969 kjøpte bøndene på Saude ein plastslange som dei la i Sausveita. Utearbeidarane på Harastølen gjorde to forsøk på å trekka plastslangen gjennom røyrene i tunet på Harastølen. Dei lukkast ikkje og konkluderte med at røyrene måtte ha gått i stykker. Seinare vart det gjeve løyve til å leggja plastslange frå Krekaflaten (kote 650) for å få tak i vatn i Døsjagrovi (sjå kart B). Dette har fungerte fint i nesten 30 år, heilt fram til det kom nye eigarar på Harastølen (Harastølen A/S) og det vart bygd minikraftverk med inntak på Røssesete (kote 740). Etter at dei nye minikraftverka kom i drift har elva i fleire år vore tørrlagd på Krekaflaten (kote 650). Me har sett i periodar på seinsommaren at det renn godt med vatn over demningen på Røssesete (kote 740) men så forsvinn det i ura, som elva renn i, før det kjem ned på Krekaflaten (kote 650). Sjølv om det står i konsesjonssøknaden at ein skal auka minstevassføringa til 150 l/sek om sommaren, trur me at mesteparten av vatnet vil forsvinna i ura nedanfor demningen på Røssesete og ikkje koma ned til Krekaflaten.

Sist det vart søkt konsesjon om å få byggja ut Døsjagrovi var i 2007. Me sende inn merknad. Vår merknad datert 22.08.2007 er vedlagt i denne merknaden og er merkt som vedlegg A. Vedlegga 1,2,3 og 4 og to kart er dei same som me hadde i 2007.


Luster kommune kom med uttale til konsesjonssøknaden, datert 24.9.2007, vedlagt som vedlegg B (10 sider). I uttalen ber Luster kommune om at det må knytast vilkår til konsesjon som å «sikra vassforsyning for husvatn og jordbruksvatning og inngåtte avtaler om vassrettar i område må oppfyllest på forsvarleg måte». Sjå vedlegg B side 1 punkt 1 og 2, side 3 og side 8.

I vedlegg 2 (8 sider) finn ein korrespondanse mellom oss og Harastølen A/S i åra 2006 og 2007. På side 8 finn ein brev frå Luster Energiverk datert 01.03.2007, punkt 4, der dei lova «å laga eit permanent og tilfredsstillande vassinntak for gardane på Saude».

4. *Kva har de tenkt å gjere med vassretten til Saude i Røseteelva?*

Den planlagde vasskraftutbygging skal ikkje hindre vasstilgong til Saude (jf. brev frå Syverud datert 31.01.2007). Tvert i mot har ein moglegheit med utbygginga å lage eit permanent og tilfredsstillande vassinntak for gardane på Saude. I dette ligg og ein avtale med Harastølen AS om kvar slangen skal ligge. Med eksisterande magasinerings i Hellesetvatnet burde det ligge til rette for sikrere tilsig til elva og dermed tilgongen til vatn for gardane på Saude og.

Med helsing  
Luster Energiverk AS

  
Magnus Snøtun

Postadresse	Besøksadresse	Telefon	Telefaks	Bankkonto
Luster Energiverk AS	-	57682900	57682920	3785.05.50663

Då NVE ga konsesjon den 08. apr. 2014 står det på side 33 at våre vassrettar skulle bli sikra med inntak i inntaksdammen (heile sida er vedlagt som vedlegg C side 1).

*Hans Urdahl m.fl.*

*Merk 1: Grunneigarane på Saude inngjekk i 1869 avtale med grunneigarane på Røssete om overføring av vatn i tørre periodar via den opparbeida "Sausveiti". Etter bygging av minikraftverk, har inntaket på Krekaelvi i fleire år vore tørrlagt. Grunneigarane fryktar at det ikkje vert vatn att til Saude.*

*Komm.: Som omtalt i brev datert 01.03.07 skal ikkje det nye prosjektet hindre vassstilgongen til Saude. For å sikre tilgongen er det planlagt uttak av vatn til Saude i inntaksdammen.*

På side 38 i konsesjonen av 8. apr. 2014 er Luster kommune sitt innspel kommentert (heile sida er vedlagt som vedlegg C side 2).



*Luster kommune.*

*Merk 1: Ber NVE vurdere om omsøkt minstevassføring er tilstrekkeleg til å sikre vassforsyning for husvatn og jordbruksvatning på begge sider av vassdraget.*

*Komm.: Omsøkt minstevassføring er i tråd med kva som er anbefalt i rapporten om biologisk mangfald. Fagrapporten om konsekvensvurdering for lokal vassforsyning viser at prosjektet har liten konsekvens for dei aller fleste oppkommene i Lustrabygda på grunn av tilsig i grunnen over inntaket på Røssesete.*

*Merk 2: Tidlegare inngått avtalar om vassrettar i området må oppfyllest på forsvarleg måte.*

*Komm.: Utbyggar har hand om alle fallrettar knytt til den påverka delen av vassdraget og rett til å legge røyrgate. Rettar knytt til bruk av vatn til drikkevatt og jordbruksføremål vil og bli følgd opp og sikra med overføring av vatn i røyr.*

Våre kommentar til konsesjonssøknaden:

- Vår rett til å ta ut vatn i Døsjagrovi vart godt opplyst i førre konsesjonsrunde for Døsjagrovi (2007 – 2014). Når no den nye konsesjonssøknaden (2022 – 2023) ikkje nemner våre vassrettar med eitt einaste ord, blir me overraska og bekymra for vår gamle rett å ta vatn i Døsjagrovi.
- Søknaden legg til grunn ei minstevassføring på 150 l/sek om sommaren. Me har sett mange ganger at sjølv når det renn mykje vatn over demningen på Røssesete (kote 740) forsvinn vatnet raskt i grunnen nedanfor demningen sidan elvefaret for det meste ei ur. Sjølv om minstevassføringen no er sett til 150 l/sek so er me bekymra for at det er lite eller ingen ting av vatn att når me kjem ned på Krekaflaten (kote 650)
- Me vil også ta med at Sausveiti som vart bygd for 150 år sidan burde vere å rekna som eit kulturminne som må sikrast mot ytterlegare forfall/skade.

**Vårt krav:**

*Me krev at utbyggjaren av Døsjagrovi anerkjenner den retten me har til vassforsyning frå reguleringsområde i samsvar med eldre avtaler. Utbyggjar må påleggjast å sikra oss ein jamn og regelmessig tilgang på vatn frå Døsjagrovi, ved at me får leggja ein 2 ½ toms (75 mm) plastslange ved inntaket på Røssesete, kote 740. Vårt uttak av vatn må koma i tillegg til minstevassføringa. Under førre konsesjonshandsaming av Døsjagrovi fekk me lovnad om å få ta ut vatn i demningen på Røssesete (kote 740). Denne lovnaden var me godt nøgde med, og me forventar same resultat etter denne konsesjonshandsaminga.*

**Me ber om at NVE tek omsyn til vår rett til å ta ut vatn i Døsjagrovi under konsesjonshandsaminga av Døsjagrovi Kraftverk.**

Med helsing

  
Hans H Urdahl

  
Liv Johanna Ellingseth

Mobil nr 91710022

E-post

**Vedlegg:**

Vedlegg 1 Avtaler, juni 1869 med avskrift. ( 8 sider)

Vedlegg 2 Brev frå og til Harastølen og Luster Energiverk, datert 20.06.06 t.o.m 01.03.2007.(8 sider)

Vedlegg 3 Brev frå og til Harastølen A/S, 2001 og 2002. ( 8 sider)

Vedlegg 4 Utskrift av rettsbok, Indre Sogn heradsrett, av 24.06.1980.

Vedlegg 5 To kart. A Inn teikna Sausveiti og plastslange frå Harastølen til Saude ( i A3 format). Kart B er inn teikna Sausveiti og plastslangen i område Krekaflaten – Harastølen -Døsjagrovi.

Vedlegg A Vår merknad, datert 22.08.2007, til konsesjonssøknaden for utbygging av Døsjagrovi Kraftverk, ( 4 sider)

Vedlegg B uttale frå Luster kommune frå 24.09.2007 (10 sider)

Vedlegg C , kopi av konsesjon frå NVE av 08.04.2014, side 33 og side 38. (2 sider)